



Likar du Waldorfsalat?

Eg elskar å laga all slags mat! Det kunngjer Elin Enes på bloggen som er eit viktig element i dysten om Italiaturen som startar om ei veker tid.

Oppdraget har vore å blogga om spesialiteten på kjøkkenet, men det har ho problem med fordi ho tykkjer all slags mat er spennande, Kanskje er allsidigheit spesialiteten hennar, undrar ho,

Av og til tenkjer ho at ho er ei husmor frå 1960-talet fordi ho er så glad i alt som var kvadagsleg på den tida

Elin skriv om at ho no er i ferd med å få draumen sin oppfylt, i og med at ho 1. november tek i bruk sitt nye produksjonskjøkken med eigen bakeriavdeling og eigen avdeling med kokekjøkken.- Det skal bli fantastisk å spre matglede frå eit slikt lokale, skriv Elin og sleg fast at det enkle ofte er det beste. Ho vil vise alle dei som trur dei ikkje kan at dette er noko alle kan få til.

Alle treng ikkje bli gourmetkokkar men alle treng mat for å leva og Elin tykkjer at den sjølvkjensla ein får ved å lykkast på kjøkkenet er noko alle må få oppleva.

Ho meiner løysinga er å leggja vekk alle krevande og avanserte rettar og ikkje flotta seg med faguttrykk og framandord. Elin vil visa kor enkelt det er å laga velsmakande mat ved enkle forklaringar og gode råvarer.

Kanskje går denne budskapen heim også hos Hellstrøm?

Av Ola Matti Mathisen